

Museumstafetten 2019

Nedstrand bygdemuseum,

torsdag 25.april kl. 19 -21



Falkefangst og falkejakt, ein levande kulturarv med røter frå fortida.

Falkoner (falketrenar) Ellen Hagen frå Arkeologisk museum i Stavanger vil fortelje om kunsten å fange og jakte med rovfugl.

Falkefangst som næring er dokumentert heilt tilbake til 1100-talet og kanskje endå lengre.

Jakt med falk hat til alle tider vore ein sport for kongar, adels og rikfolk.

Ein brukte falk til jakt, og det vart sett på som ein kunst å trenast ein god jaktfalk.

Små hytter, nærare torvgammar, vart sette opp i fjellet for å fange falkane.

Det vart og sett opp stolpar med tauverk til lokkedua, og eit nett vart kasta over falken.

Restane etter slike hytter er det ikkje mange av, men det finst ein del geografiske namn i tilknyting til falkefangsten.

I Tysvær er det namn knytt til falkefangst, til dømes Valhest, og på Nedstrand er det fleire namn: Falkanibbå, Falkehytten, Falkeskytteskaret

På Museumstafetten 25.april besøker vi den restaurerte Falkehytta på Dalva , for så å høyre Ellen Hagen fortelje om korleis denne jakta gjekk føre seg.



Foto Elisabeth og Klaus Leix

Inngang kr. 50 Kaffi og ein matbit.

Velkommen til Museumstafett på Nedstrand.

Oppdag kunst og kultur på Haugalandet.